

Møtereferat

Til: Regionalt brukarutval (RBU) i Helse Vest

Kopimottakarar: Elisabeth B. Salte, Claus Ingebrigtsen, Pål Berger, Kari Toftøy-Andersen, Grete Knudsen, Linn Bæra, Harald Lindvik, Sven Hove, Oddveig Birkeland, Grete Müller. Vara-medlemmer

Forfall: Harald Lindvik, Grete Knudsen, Claus Ingebrigtsen

Møteleiar: Linn Bæra, leiar

Møtedato: 30.03.2016

Klokkeslett: 10.00-15.00

Møtenr: 3/16

Møtestad: Helse Vest, Forus. Møterom Kjerag, 3. etg

Arkivref: -

Saksnr	Emne	Ansvarleg
21/16	Referat frå førre møte i RBU. Ingen kommentarar, referat godkjent	Linn Bæra
22/16	Godkjenning av innkalling, og melding av eventuelt-saker. Ingen kommentarar, innkalling godkjent. <u>Eventuelt:</u> Sven Hove ønskjer å informere om to tema: - eldre og ernæring - sjukepleiarmangel	Linn Bæra
23/16	Gjennomgang av styresaker til styremøte i Helse Vest 5. april 2016. Kort oppsummert blei følgjande gjennomgått: <ul style="list-style-type: none"> • Årsoppgjer 2015 – resultatet for føretaksgruppa viser eit overskot på til saman 679 828 449 kr. • Rapportering frå verksemda viser mellom anna god utvikling både når det gjeld tal på fristbrot og korridorpatientar. Rapporteringa viser også at fleire medarbeidarar har fått 100% stilling. • Terialrapporteringa viser at Helse Vest skårar svært godt på dei nasjonale kvalitetsindikatorane samanlikna med dei tre andre helseregionane, og det er Helse Førde 	Per Karlsen, øk. og finansdir. Helse Vest

	<p>som jamt over har best skår av dei fire helseføretaka i regionen.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Plan for internrevisjon 2016-2017 viser at fem tema frå gjeldande plan vil bli vidareført, mens mellom anna samhandling med kommunesektoren, oppfølging av avtalespesialistar og IKT-tryggleik er aktuelle tema fram mot neste rullering av planen. • Kort om status for etablering av Helse Vest Innkjøp HF. Helse Vest Innkjøp HF skal levere innkjøpsfaglege tenester av god kvalitet til føretaka i Helse Vest og til Helse Vest IKT. 	
24/16	<p>Brev/invitasjonar til brukarutvalet</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Førespurnad frå Helse Sør-Øst om deltaking i interregional arbeidsgruppe om indikatorar. <p>Grete Müller har meldt frå om at ho ønskjer å delta i denne arbeidsgruppa. Sekretær for RBU har meldt tilbake til Helse Sør-Øst om dette.</p> <ol style="list-style-type: none"> 2. Førespurnad om deltaking i fagrevisjonar – behov for ein brukarrepresentant til eit heildagsmøte om fagområde «Samarbeid mellom habilitering for vaksne (HAVO) og VOP». (Denne førespurnaden står ikkje som sak på innkallinga, men førespurnaden låg ved som eit vedlegg i e-posten med møteinnkallinga). <p>Grete Müller ønskjer å delta her, og sekretær for RBU har meldt tilbake på førespurnaden om dette.</p>	Linn Bæra
25/16	<p>Orientering/gjennomgang av deltaking i prosjekt/arbeidsgrupper (oppdatert oversikt lagt ved).</p> <p>Leiar av Regionalt nettverk for pasienterfaringsundersøkingar i Helse Vest vil sende ein ny førespurnad om brukarrepresentant til RBU etter at ein representant har valt å gå ut av dette nettverket.</p>	Linn Bæra
11.30-12.00	Lunsj	
26/16	<p>«Bare spør» - sikre god dialog mellom pasient og helsepersonell. Informasjon om kampanjen.</p> <p>Dette innlegget blei avlyst rett før RBU-møtet, og</p>	Elisabeth Huseby, rådgiver Pasientsikkerhet, Helse Fonna

	Elisabeth kjem tilbake med forslag til ny dato.	
27/16	<p>Pasientreiser – informasjon om status.</p> <p>Grunna tidsnaud vil Grete informere om dette på neste RBU-møte.</p>	Grete Müller
28/16	<p>Informasjon om arbeid med presentasjonsmateriell for RBU</p> <p>Grunna tidsnaud vil Linn informere om dette på neste RBU-møte.</p>	Linn Bæra
29/16	<p>BarnsBeste – Nasjonalt kompetansenettverk for barn som pårørende. (Presentasjon lagt ved).</p> <p><u>Kort oppsummert:</u> BarnsBeste er eit nasjonalt kompetansenettverk for barn som er pårørende, og blei oppretta i 2007 som ein følgje av to rapportar om barn av psykisk sjuke, og barn av foreldre med rusproblematikk. Funn frå desse rapportane viste at desse barna ikkje blei følgt godt nok opp. I spesialisthelsetenesta er det etablert eit koordinatornettverk som er drifta og finansiert av BarnsBeste, med tilsette som koordinerer «barn som pårørende»-arbeidet. Kompetansenettverket jobbar saman med alle kompetansemiljø, og løftar fram anerkjent metodikk/anbefalingar, samt frontar gode tiltak. Eit døme er BTI-modellen (BTI står for «bedre tverrfaglig innsats»), der Haugesund er ein av kommunane som deltek. Nettverket skal vere ein implementeringsdrivar, slik at ny kunnskap kan bli omsett i praksis. Avslutningsvis var det ein kort presentasjon av funn frå ein multisenterstudie, som er ein av dei største studiane i verda på barn som pårørende. (Sjå vedlagde kopi av rapporten).</p> <p>Gjesdahl delte ut mykje informasjonsmateriell om BarnsBeste til RBU, og dette blir oppbevart her i Helse Vest til utlån for RBU og andre interesserte.</p>	Siri Gjesdahl, dagleg leiar BarnsBeste
30/16	<p>Presentasjon om rus og psykisk helse frå oppdragsdokument 2016 frå Helse- og omsorgsdepartementet. (Sjå vedlagde presentasjon).</p> <p>RBU meiner at bruk av erfaringskonsulentar som eit viktig og effektivt tiltak i spesialisthelsetenesta bør bli tatt med styringsdokument. RBU etterlyser også auka merksemd om recovery-basert behandling.</p>	Carina P. Mæland, rådgiver HV
31/16	Status for fellesmøtet mellom brukarutvala i august.	Linn Bæra

	Utsett til neste RBU-møte grunna tidsnaud.	
32/16	<p>Informasjon om fellesmøte + styreseminar med styret i HV.</p> <p>RBU har etter planen fellesmøte med styret i Helse Vest den 3. oktober, og er invitert til å delta i styreseminar den 4. oktober for å jobbe med Helse 2030-strategien. Møtet og seminaret blir halde i Bergen.</p>	Kristin O. Lexow
33/16	<p>Eventuelt</p> <p>Sven Hove innleia til diskusjon om to tema:</p> <p>Under-/feilernæring blant særlig eldre er ei stor utfordring for den enkelte, og for helsevesenet. Også blant dei med rus- og/eller psykiske lidingar er dette utbreidd. Temaet blei diskutert, og i oppsummeringa var det semje om at dette er eit viktig tema RBU bør engasjere seg i og følgje opp vidare.</p> <p>På NRK i påsken var det ein nyheitssak om stor mangel på sjukepleiarar i kommunen, noko som vil utfordre alle område i helsevesenet. Allereie i dag konkurrerer kommunane på løn for å få tak i sjukepleiarar, og dette vil på sikt sjølvsagt også angå sjukehusa. RBU vil gjerne at Helse Vest seier noko om korleis desse utfordringane vert jobba med nå og framover.</p>	Linn Bæra

Neste RBU-møte er flytta til den 12. mai hos Helse Vest på Forus